



Vakkert ved den populære thaivogna.

At det er vakkert pynta i sentrum av bygda vår, er av stor verdi. Det legg både fastbuande og tilreisande merke til, og alle set pris på at det er fint og ryddig. Alle er nok einige i at sentrumbildet fekk eit skikkeleg løft etter at Gro opna blomsterbutikk. Derfor er det kjekt å sjå at andre følgjer opp for å gjera sentrum så fint som mogeleg.

Det er mange som gjer sitt til at det vert pynta, men i dag vil vi nemna Pornthip Pomngern som driv salg av middagsrettar frå den populære thaivogna ved Gamleskulen, spesielt. Kvar sommarsesong pyntar ho så flott med fargerike og frodige blomstrar rundt vogna si. Det er til stor glede for alle som passerer. Og det er mange.

Det vakre synet møter tilreisande turistar når dei svingar ned mot Rabben Feriesenter, og det er eit av dei siste bilda frå bygda dei tar med seg når dei reiser att. Alle handlande på Spar passerer. Båtfolk går ofte forbi, og dei som berre køyrer gjennom bygda, legg heilt sikkert merke til dette vakkert pynta området med Gros Blomster på den andre sida av parkeringsplassen.

Det er flott bygda vert presentert på denne måten.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland